

Tilskot til hjortegjerde

Søknadsskjema

Søkjjar

Namn:

Gards- og bruksnr:

Tlf:

Epost:

Kontonr.:

Forventa behov (overslag):

Hjortegjerde av flettverk: _____ m Type: _____

Stolp: _____ stk Type: _____

Stolp til hjørne og portstolp: _____ stk Type: _____

Gjerde av element: _____ stk Type: _____

Grindar/portar: _____ stk

Reglar

- Søknad med kartvedlegg skal leverast før arbeidet vert sett i gang
- For tilskot til gjerde av flettverk gjeld krav til materialkvalitet, sjå side 2.
- For gjerde av flettverk vert det utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjend materialkostnad inntil 75 kr i tilskot pr. m gjerde, portar inkludert. Det vert ikkje ytt tilskot til vedlikehald av eksisterande hjortegjerde.
- For element-gjerde til inngjerding av rundballelager og liknande vert det ytt tilskot tilsvarande 50 % av materialkostnaden for godkjende typar element.
- Før tilskotet vert utbetalt, må søkjar leggja fram anleggsrekneskap med bilag.
- Kommunen legg opp til å gjennomføra sluttsynfaring på anlegg av permanent type.

Eg er kjend med reglane for å få utbetalt tilskot til hjortegjerde. Eg er kjend med krava til utføring og materialkvalitet.

Stad/dato: _____

Underskrift søkjar: _____

Krav til utføring og materialkvalitet ved bruk av flettverk

Skal ein fyrst ta arbeidet og kostnaden med å setja opp hjortegjerde bør ein ta sikte på å føra opp eit gjerde med kvalitet som tilseier at det kan ha ei levetid på minimum 20 år. Kommunen kan avkorta eller avslå søknaden dersom materialane og/eller utføringa vert vurdert å ikkje vera tilstrekkeleg haldbar.

Gjerdet skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng.

Det er krav om både topp- og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte.

Stolp av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm ϕ . Til hjørnestolp bør grovare dimensjonar nyttast saman med bardunar.

Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 m under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.